

1.

Frå Per Molland	Lynghaug 4, 5563 Førdesfjorden	gbnr. 11/19
« Edel May Gullaksen Brørvik	Steinsvikvegen 17, 5955 Lindås	« 11/20
« Svein Ove Savland	Bjørndalsbrotet 108, 5170 Bjørndalstræ	« 11/21

Til Frode Haugsvær Maskin A/S
5981 Masfjordnes

Klage på nybygd veg til hyttefelt, gbnr. 11/3 på Byrkjeland.

Viser til rekommandert brev « Klage på nybygd veg til hyttefelt, gbnr. 11/3 på Byrkjeland» frå oss datert 3. september 2018 der me sette krav til deg om utbetring av vegen. Siste setninga i brevet er slik: «Dersom ikkje krava blir stetta, koplar vi først inn Masfjorden kommune, før saka går vidare.»

Viser også til tidlegare brev «Merknader til nybygd veg til hyttefelt , gbnr 11/3 på Byrkjeland», datert 10, juni 2018 som du fekk gjenpart av.

Du svara ikkje på nokon av breva, og 3. oktober kontakta me Bjørn Rune Kvinge og orienterte han. Han lova å ta ein samtale med deg.

Me rekna med at den samtalen resulterte i mailen frå deg datert 7. oktober 2018. Du skriv: «Tida går fort, så eg har ikkje fått tid til å svara utfyllande på brevet frå dykk. I mellom tiden får de ha kontakt med grunneigar, tiltakshavar, byggeleiar og kontaktpersonen mellom eigarane i hyttefeltet og meg som entreprenør, som er Alf Birkeland. Eg kjem også til å kontakte han før eg sender endeleg svar, slik at eg kan sjå på endelege løysingar.»

Sidan har du ikkje teke kontakt med oss. Til orientering har me fått underlege telefontruslar frå Alf Birkeland med mellom anna trussel om å stengja vegen, dette skal bli dyrt for oss etc. Underskrivne, Per Molland, skulle meldast til lensmannen og fylkesmannen etc. Han lova også å laga vanskar og «helvete» for oss. Eg reknar med at han meiner eg står bak klagen på vegen, sidan eg vart oppmoda på vegmøtet den 23. august til å vera sekretær.

Me står saman om klagen. Bjørn Inge Nystein og Åge Ynnesdal vil også ha kjørbar veg til hyttene, men vegra seg i første omgang for konflikt med grunneigaren.

Både du og grunneigaren vart innkalla til vegmøtet den 23.august kl 19.00 i hytta til Svein Olav Savland. Innkallinga var datert 18. juli 2018. Påminning om møtet datert 20. august. Både Bjørn Inge Nystein og Åge Ynnesdal gav beskjed med grunngjeving for at dei ikkje kunne møta. Du og Alf Birkeland gav ikkje tilbakemelding, og møtte heller ikkje. Dette er kritikkverdige og langt utanfor sedvane og vanleg folkeskikk

I tinglysinga til tomt 11/19 stå det i punkt 4: «Parsellen har desse rettane :

tilfeldig og munnleg . Fakta er at me har kjøpt og betalt ein veg som ikkje er brukande.
Dette vil me rydda opp i.

3.

Kommunen si ryddige sakshandsaming gjer at me meiner å ha ei god sak.

Førresfjorden, 16. desember 2018.


Per Molland

Brevet er skrive i samråd med med Edel May Gullaksen og Svein Ove Savland

Gjenpart av brevet til:

Bjørn Rune Kvinge sendt på e-mail

Bjørn Inge Nystein « « «

Åge Ynnesdal « « «

Alf Birkeland postsendt